

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 14.09.2023
Møtetid: Kl. 08:30 - 11:55
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Jon Magne Bøgevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	Uavh

Desse medlemmene møtte ikke:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap	Ingvild Raftevoll Bøgevik	Ap
Harald Bøge	Ap		
Knut Loneland Høibraaten	Bl	Dag Nydal	Bl
Solveig Vassenden	Bl	Bjarte Linga	Bl
Øyvind Røen	Sp	Vidar Trengereid	Sp

Ugild:	Sak:	I staden møtte:	Merknad:
Knut Harald Frøland, Bl	074/2023	,	

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Hilde-Lill Våge, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Irene Ullensvang, kommunalsjef oppvekst
- Joachim Mathisen, næringsutviklar

- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Laila Grønn-Jensen, einingsleiar livsmeistring (under orientering i sak 068)

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
067/2023	23/743	Godkjenning av innkalling og sakliste	
068/2023	23/743	Faste saker	
069/2023	19/1118	Bom i Rolvsvåg industriområde	
070/2023	20/146	Avtale om administrativ vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune om interkommunal legevakt og legevaktsentral	
071/2023	19/303	Tilslutning av nye deltakarkommunar til Bergen og Omland Friluftsråd	
072/2023	23/630	Søknad om økonomisk støtte til N.K.S. Veiledningssenter Vest	
073/2023	23/485	Høyringsuttale til NOU 2023:9 Generalistkommunesystemet	
074/2023	21/789	Søknad frå Lønnebakken Grendelag om ekstra midlar til asfaltering av multibane	
075/2023	23/724	Ungdomsklubb	
076/2023	23/316	Tilrettelegging for gaming- og e-sport i Samnanger - spørjeundersøking	
077/2023	20/730	Val av medlemmer i ungdomsrådet 2023-2025	
078/2023	23/91	Ny anmodning frå IMDi om busetjing av flyktningar i 2023	
079/2023	23/607	Forvaltningsrevisjon - Personalforvaltning - revisjonsrapport	
080/2023	23/401	Budsjett 2024 for kontrollarbeidet i Samnanger kommune	
1	20/25	Interpellasjon	
2	20/25	Interpellasjon til kommunestyret 14/9	
081/2023		Uteområda på ungdomsskulen og barneskulen	
2023D04	23/743	Presentasjonar og dokument utlevert i møtet	

SAKNR. 067/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:
Samrøystes vedtak.

KS- 067/2023 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 068/2023: Faste saker

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Eventuelle merknader til protokollen frå førre møte:

Ingen merknader.

Ordføraren orienterer:

Ingen saker.

Rådmannen orienterer:

Orientering ved rådmann Ove Sæbø:

- **Montering av leikeapparat ved barneskulen.** Rådmannen viste til kommunestyret sitt vedtak 15.06.2023 om løyving av inntil 200 000 kroner til montering av innkjøpte leikeapparat på barneskulen. Rådmannen orienterte om at administrasjonen no har henta inn tilbod på dette arbeidet, og at tilbodet er på 480 000 kroner. Det manglar derfor finansiering til å kunne setja i gang dette arbeidet.
- **Tilskot til kjøp av varmpumpe.** Rådmannen viste til kommunestyret sitt vedtak 15.06.2023 om løyving på 700 000 kroner til søknadsordning for tilskot til kjøp av varmpumpe. Det har kome inn 32 søknader. Handsaminga av søknadene er godt i gang og søkjarane vil truleg få svar i løpet av den neste veka.
- **Ny innbyggjarportal (heimeside).** Det er starta opp eit fellesprosjekt med ny innbyggjarportal for kommunane i IKT Nordhordland-samarbeidet. Forventa lansering er i løpet av 2024.
- **Rettleiingsprosjekt i regi av Bufdir.** Rådmannen orienterte om status for dette prosjektet, som Samnanger er med i. Prosjektet blir avslutta hausten 2024.
- **Budsjett 2024.** Rådmannen orienterte om status for budsjettarbeidet. Det blir truleg eit budsjettseminar for kommunestyret 05.10.2023, før formannskapsmøtet same dag.
- **Beredskapsanalyse for brannvern i Samnanger.** Rådmannen orienterte om kva analysen skal omfatta og om status for analysearbeidet.

Orientering ved kommunalsjef samfunnsuvikling, Hilde-Lill Våge:

- **Status eining for teknisk forvaltning.** Einingsleiar Ragnhild Lønningdal har sagt opp stillinga si, og sluttar i kommunen i slutten av november. Stillinga som byggesakshandsamar står òg ledig. Det vil i løpet av kort tid bli lyst ut to stillingar i eininga (kommuneplanleggjar og byggesakshandsamar). Einingsleiardelen vil bli lagt til byggesakshandsamarstillinga.
- **Husleige Reistadliane 41.** Den nye omsorgsbustaden i Reistadliane 41 er no så og seie ferdig

og klar for innflytting. Sak om fastsetjing av husleige for bustaden vil koma opp i kommunestyret i oktober.

- **Husleige for fysioterapeut.** Sak om fastsetjing av husleige ved Samnanger helsetun for ny privatpraktiserande fysioterapeut vil koma opp i kommunestyret i oktober.

Orientering ved næringsutviklar Joachim Mathisen:

- **Sak om mobilmast Rolvsvåg.** Saka vil bli lagt fram for politisk handsaming så snart administrasjonen har fått tilbakemelding frå Bergen kommune på førespurnaden om dei kan vera med på eit spleiselag.
- **Sak om drivstoffanlegg på Tyssekaiaen.** Administrasjonen ventar på uttale frå brannvesenet. Saka vil bli lagt fram til politisk handsaming når uttalen ligg føre.
- **Sal av Erikajorda.** Orientering om status i saka. Administrasjonen er no i dialog med dei tre interessentane som har meldt seg.
- **Bustadtomter i Rolvsvåg.** Tomtene har vore lagt for sal, men det har ikkje vore stor interesse for å kjøpa tomter i Rolvsvåg. Næringsutviklaren stilte spørsmål til kommunestyret om tomtene eventuelt kan gjevast vekk (gratis) mot at dei som får tomtene forpliktar seg til å byggja og busetja seg på tomtene innan to år. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at kommunestyret ber rådmannen om å få opp ei sak om bustadtomtene i Rolvsvåg. Kommunestyret slutta seg til dette forslaget.
- **Bustadundersøking.** Joachim Mathisen presenterte resultat frå bustadundersøkinga som nyleg er gjennomført blant innbyggjarar i alderen 50 år og eldre i kommunen. Kopi av presentasjonen av resultatet av undersøkinga følgjer som vedlegg til møteprotokollen.

Orientering ved eininsleiar livsmeistring, Laila Grønn-Jensen:

Laila Grønn-Jensen orienterte om arbeidet med barn, ungdom og familiar i Samnanger, mellom anna:

- **Midlar til kompetanseheving.** Kommunen har fått 275 000 kroner frå Bufdir til kompetanseheving. Midlane blir brukt til kursing for tilsette i både skule, barnehage, helsestasjon og barneven.
- **Tiltak for å bekjempe relativ fattigdom.** Orientering om arbeidet med å følgja opp vedtaket som kommunestyret gjorde 15.06.2023.
- **Tverrfagleg samarbeid.** Fokus på samarbeid mellom einingane og effektiv bruk av ressursane.

I tillegg orienterte Laila Grønn-Jensen om status for arbeidet med utgreiing om eventuelt NAV-samarbeid med andre kommunar.

Orientering ved kommunalsjef oppvekst, Irene Ullensvang:

- **Oppdrag og mandat for oppvekstområdet.** Presentasjonen ho viste i møtet ligg som vedlegg til møteprotokollen. Til slutt i orienteringa viste ho ein kort film med eksempel på spørsmål som ungdom har sendt inn til Ung.no.

Val av setje-varaordførar:

På bakgrunn av at varaordførar Øyvind Røen (Sp) hadde forfall til kommunestyremøtet 14.09.2023, foreslo ordførar Knut Harald Frøland (Bl) at Karl Bård Kollbotn (Frp) gjekk inn som setje-varaordførar i resten av møtet. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette.

Spørsmål:

Utleige av gymnastikksalen i Vassloppa barnehage

Ove Totland (Bl) las opp spørsmålet han hadde meldt inn til møtet, om utleige av gymnastikksalen i Vassloppa barnehage til lag og privatpersonar. Spørsmålet ligg ved møteinnkallinga. Rådmann Ove Sæbø svara.

Kantklipping langs kommunale vegar og fasadevask på kommunehuset

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til at Odd Arne Haga (Frp) i sak 051/2023 (Faste saker) i formannskapet 31.08.2023 sette fram framlegg om at det må utførast kantslått langs alle kommunale vegar og vask av fasadane på kommunehuset. Det vart i formannskapet avklart at dette kunne takast opp som interpellasjon i kommunestyret. Ordføraren foreslo i kommunestyret at forslaga vart handsama som spørsmål. Etter dette orienterte rådmann Ove Sæbø om status for kantklipping langs kommunale vegar. Han orienterte òg om at det er henta inn pristilbod på fasadevask av kommunehuset, men at det ikkje er midlar til dette i driftsbudsjettet i år.

Spørsmål om ukrainske elevar

Linda Haug Kollbotn (Frp) las opp fire spørsmål om ukrainske elevar ved skulane i Samnanger. Spørsmåla var òg sendt til rådmannen før møtet. Kommunalsjef Irene Ullensvang svara på spørsmåla.

Informasjon frå møte med Skyss 10.08.2023

Oskar Røen (MDG) viste til møte mellom kommunen og Skyss 10.08.2023, og ønska meir informasjon om dette møtet. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svara. Han viste òg til referatet frå møtet som låg ved møteinnkallinga til kommunestyret 14.09.2023.

Interpellasjonar:

Følgjande interpellasjonar vart handsama i møtet:

- Interpellasjon om uteområdet på ungdomsskulen
- Interpellasjon om vassinntak i industriområdet i Rolvsvåg
- Interpellasjon om fylkesvegar i Samnanger kommune

\Informasjon om handsaminga av interpellasjonane går fram av sakspapira for dei ulike interpellasjonane (RS 1 og RS 2). Unnateke frå dette er interpellasjonen om fylkesvegar i kommunen. Handsaminga av og vedtaket i denne interpellasjonen er lagt inn nedanfor.

Interpellasjon om fylkesvegar i Samnanger kommune

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han ønska å ta opp og få handsama ein interpellasjon om fylkesvegar i kommunen, der han hadde eit framlegg til vedtak. Ingen i kommunestyret motsette seg å ta dette opp som interpellasjon. Knut Harald Frøland orienterte innleiingsvis om spørsmål han hadde sendt til fylkeskommunen, og om fylkeskommunen sine svar på spørsmåla. Knut Harald Frøland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Rådmannen får i oppdrag å vurdere kva samarbeidsavtalar som kan vera aktuelle å inngå med Vestland fylkeskommune kring diverse arbeid på og langs fylkesvegane. Det skal i vurderingane inngå kva kostnader og forpliktingar dette vil ha for samarbeidspartane. Kommunestyret ber om å få sak til handsaming i det første formannskapsmøtet og kommunestyremøtet i 2024."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart til røysta over rådmannen sitt framleg til vedtak i sak 068/2023 (Faste saker). Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke, med tillegg av dei vedtaka kommunestyret hadde gjort undervegs i handsaminga av saka.

KS- 068/2023 Vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Kommunestyret ber rådmannen om å få opp ei sak om bustadtomtene i Rolvsvåg.

Rådmannen får i oppdrag å vurdere kva samarbeidsavtalar som kan vera aktuelle å inngå med Vestland fylkeskommune kring diverse arbeid på og langs fylkesvegane. Det skal i vurderingane inngå kva kostnader og forplikingar dette vil ha for samarbeidspartane. Kommunestyret ber om å få sak til handsaming i formannskapet i første kommunestyremøte i 2024.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 069/2023: Bom i Rolvsvåg industriområde

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Utsetjingsframlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Saka vert utsett til neste møte. Kommunestyret ber om ei grundigare vurdering av konsekvensane av at kommunen overtek ansvaret.

Handsaming:

Etter den innleiande debatten sette Øyvind Strømmen (MDG) fram framlegg om å utsetja saka.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 069/2023 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte. Kommunestyret ber om ei grundigare vurdering av konsekvensane av at kommunen overtek ansvaret.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 7 mot 2 røyster.

For rådmannen sitt framlegg	Imot rådmannen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Martin Haugen (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Jon Magne Bøgevik (Ap)	
Oskar Røen (MDG)	
Monica Tjønna (Uavh)	

FORM- 048/2023 Vedtak:

Samnanger kommune avslår søknad frå Samnanger næringsforum om overtaking av administrering av bom i Rolvsvåg industriområde.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune avslår søknad frå Samnanger næringsforum om overtaking av administrering av bom i Rolvsvåg industriområde.

SAKNR. 070/2023: Avtale om administrativ vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune om interkommunal legevakt og legevaktsentral

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis svara kommunalsjef Edith Oma på spørsmål som formannskapet under handsaminga si av saka 31.08.2023 bad administrasjonen om å prøva å få avklart til kommunestyremøtet 15.09.2023.

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 070/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune om interkommunal legevakt og legevaktsentral.

Vertskommunesamarbeidet er heimla etter vertskommunemodellen i kommunelova (LOV-2018-06-22-83) § 20-1 flg., irekna § 20-2 administrativt vertskommunesamarbeid og § 20-4 samarbeidsavtale.

Med heimel i kommunelova § 20-2 instruerer kommunestyret rådmannen om å delegera lovheimla oppgåver knytt til tenesteyting av legevakt og legevaktsentral til kommunedirektøren i Bjørnafjorden kommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen.

Samnanger kommunestyre ber rådmannen halda fram arbeidet med å etablera eit legevaktsamarbeid i retning Bergen.

31.08.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

legevakt på Moberg, sett fram av Odd Arne Haga (Framstegspartiet):

Samnanger kommune vil fortsette samarbeidet med Bjørnafjorden kommune da dette har fungert svært bra. Det er ingen kø ved legevakten på Moberg/Os i forhold til legevakter i Bergen. Der kan pasienter oppleve flere times kø for å få relevant behandling. Vi vil henstille til at det er Moberg/Os som skal være primær legevakt for Samnanger kommune. I samarbeidsavtalen henviser Bjørnafjorden kommune til følgende: «Legevaktordninga med Bjørnafjorden vil bli om lag som tidlegare, men med nokre endringar. Hovudendringa er at Samnanger i hovudsak vil tilhøyra legevakta i Eikelandsosen. Uttrykkingar på raud respons vil i hovudsak bli køyrt frå Eikelandsosen, dersom det ikkje er formålstjenlig å rykka ut frå Moberg/Os. Legevakta i Eikelandsosen vil ha ope nokre timar på kveld og helg (kjernetid), der ein får eit tidspunkt for å komma til Eikelandsosen. Dersom ein bur nærmare Os, skal ein få moglegheit for time på Moberg. Legevakttelefonen vil gå til Moberg uansett tidspunkt. Dette inneber at vurderinga av om ein skal komma til Os, eller i kjernetida Eikelandsosen, vil bli tatt under samtalen med legevakta. Dette inneber at konsultasjonar i kjernetida og raud respons i hovudsak vil bli ivareteke av legevakta i Eikelandsosen. Utanom kjernetida og raud respons er det Moberg som vil vera den fysiske legevakta».

Endringen i forslaget er at i teksten: «Hovudendringa er at Samnanger i hovudsak vil tilhøyra legevakta i Eikelandsosen» byttes ut med: «Hovudendringa er at Samnanger i hovudsak vil tilhøyra legevakta i Moberg/Os». Grunnen til endringen er at på Moberg/Os, er det fast stasjonert ambulanse på legevaktstasjonen og at det er helikopterlandingsplass. I tillegg er det svært rask veiforbindelse fra Moberg/Os til nærmeste sykehus i Bergen.

Legevakt i Eikelandsosen vil da bli sekundær legevaktstasjon for Samnanger kommune i tråd med forslaget. Grunnen er at Samnanger trenger primært en døgnåpen legevaktstasjon, for å dekke 24/7

behovet i Samnanger kommune.

Tilleggspunkt, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Samnanger kommunestyre ber rådmannen halda fram arbeidet med å etablera eit legevaktsamarbeid i retning Bergen.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til eit tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram eit tilleggsframlegg.

Det vart gjennomført røysting over rådmannen sitt framlegg, inkludert Øyvind Strømmen sitt framlegg til tilleggspunkt. Samrøystes vedteke.

Det vart ikkje røysta over tilleggsframlegget til Odd Arne Haga. Formannskapet bad om at administrasjonen til kommunestyremøtet 14.09.2023 prøver å undersøkje med Bjørnafjorden kommune vedkomande den endringa som Odd Arne Haga foreslo i framlegget sitt (om at Moberg skal vera primær legevakt for Samnanger kommune). Formannskapet bad òg administrasjonen om å finna statistikk for kor mange av legevaktspasientane som blir sendt vidare til sjukehus.

FORM- 053/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune om interkommunal legevakt og legevaktsentral.

Vertkommunesamarbeidet er heimla etter vertskommunemodellen i kommunelova (LOV-2018-06-22-83) § 20-1 flg., irekna § 20-2 administrativt vertskommunesamarbeid og § 20-4 samarbeidsavtale.

Med heimel i kommunelova § 20-2 instruerer kommunestyret rådmannen om å delegera lovheimla oppgåver knytt til tenesteyting av legevakt og legevaktsentral til kommunedirektøren i Bjørnafjorden kommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen.

Samnanger kommunestyre ber rådmannen halda fram arbeidet med å etablera eit legevaktsamarbeid i retning Bergen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune om interkommunal legevakt og legevaktsentral. Vertkommunesamarbeidet er heimla etter vertskommunemodellen i kommunelova (LOV-2018-06-22-83) § 20-1 flg., irekna § 20-2 administrativt vertskommunesamarbeid og § 20-4 samarbeidsavtale. Med heimel i kommunelova § 20-2 instruerer kommunestyret rådmannen om å delegera lovheimla oppgåver knytt til tenesteyting av legevakt og legevaktsentral til kommunedirektøren i Bjørnafjorden kommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen.

SAKNR. 071/2023: Tilslutning av nye deltakarkommunar til Bergen og Omland Friluftsråd

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 071/2023 Vedtak:

Kommunestyret i Samnanger kommune gir med dette si tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunale Oppgavefellesskap med verknad frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83) frå 01.01.2020 «kommuneloven»).

31.08.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM- 055/2023 Vedtak:

Kommunestyret i Samnanger kommune gir med dette si tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunale Oppgavefellesskap med verknad frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83) frå 01.01.2020 «kommuneloven»).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Samnanger kommune gir med dette si tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunale Oppgavefellesskap med verknad frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83) frå 01.01.2020 «kommuneloven»).

SAKNR. 072/2023: Søknad om økonomisk støtte til N.K.S. Veiledningscenter Vest

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 072/2023 Vedtak:

Søknaden frå Norske Kvinners Sanitetsforening (N.K.S.) om økonomisk støtte til Veiledningscenter Vest blir ikkje innvilga.

Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak om retningslinjer for kommunal økonomisk støtte til landsdekkande eller regionale ideelle organisasjonar som tilbyr tenester som kan vera eit supplement til kommunen sitt tenestetilbod.

31.08.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM- 054/2023 Vedtak:

Søknaden frå Norske Kvinners Sanitetsforening (N.K.S.) om økonomisk støtte til Veiledningscenter Vest blir ikkje innvilga.

Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak om retningslinjer for kommunal økonomisk støtte

til landsdekkande eller regionale ideelle organisasjonar som tilbyr tenester som kan vera eit supplement til kommunen sitt tenestetilbod.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Norske Kvinnens Sanitetsforening (N.K.S.) om økonomisk støtte til Veiledningssenter Vest blir ikkje innvilga.

Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak om retningslinjer for kommunal økonomisk støtte til landsdekkande eller regionale ideelle organisasjonar som tilbyr tenester som kan vera eit supplement til kommunen sitt tenestetilbod.

SAKNR. 073/2023: Høyringsuttale til NOU 2023:9 Generalistkommunesystemet

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 073/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til utvalet sine vurderingar om at generalistkommunesystemet er under aukande press, stør utvalet si tilråding om å halda på generalistkommunesystemet og deler utvalet si vurdering av at oppgåvedifferensiering mellom kommunane ikkje er tilrådeleg.

I samband med kommunereforma for nokre år sidan vart det gjennomført ei rådgevingande folkerøysting i Samnanger kommune, der eit klårt fleirtal ynskte at Samnanger framleis skal stå som eigen kommune. Samnanger kommune vil difor uttrykkja ei uro over at utvalets fleirtal peiker på større kommunar som det tiltaket som best opprettheld generalistkommunesystemet, og vil peika på at små kommunar på dei fleste område har dei same føresetnadene for å lukkast med å gje god kvalitet i tenestene. Det er eit viktig demokratisk prinsipp at nye kommunesamanslåingar kjem frå folkedjupet, og det er ei overkøyring av lokaldemokratiet om staten også i framtida legg opp til eit straff- og belønningssystem for å tvinga fram større kommunar. Små kommunar har også føremoner i form av liten avstand mellom innbyggjarane og dei folkevalde og tenester nær folk.

Samnanger kommune sluttar seg derimot til utvalet sine tilrådingar når det gjeld endra statleg styring, med redusert detaljstyring og ei meir aktiv tilretteleggjarrolle for at alle kommunar skal kunna vareta lovpålagte oppgåver. Det må blant anna innebera å leggja til rette for gode samarbeid mellom kommunane, statsforvaltar og fylkeskommunar.

Som utvalet peiker på, kan små og spesialiserte tenester — t.d. renovasjon, brannvesen og IKT — som krev eit visst fagmiljø vera utfordrande i mange kommunar. Samnanger kommune deler samstundes utvalet si vurdering av at det ville vera lite treffsikkert å flytta slike oppgåver vekk frå kommunane, då det vil påverka både kommunane sitt breie oppgåveansvar og den folkevalde styringa.

I møte med denne utfordringa vil interkommunale samarbeid ofte vera ei god løysing. Gode samarbeid på tvers av kommunegrensar vil vera naudsynte også frametter, og kan bidra til å løysa mindre kommunar sine utfordringar knytt til kapasitet og rekruttering av rett kompetanse.

Det kan samstundes vera fleire utfordringar knytt til slikt samarbeid, blant anna kan dei gjera det vanskelegare å gjera politiske prioriteringar på tvers av oppgåver og tenester, og det kan gje mindre gjennomslagskraft og svekkja demokratisk styring og kontroll. Samnanger kommune sluttar seg til

utvalet si vurdering av at faste, langsiktige samarbeid med faste partnerar kan gjera det enklare og betre å samarbeida, og sluttar seg til utvalet si vurdering av at ein samarbeidsmodell særleg tilpassa slike samarbeid også bør vera lovheimla.

Samnanger kommune vil også understreka viktigheita av tilstrekkelege og føreseielege økonomiske rammer, i form av frie inntekter, for ivaretaking av generalistkommunesystemet. Både eit rettvisst inntektssystem tilpassa kommunestorleiken og kompensasjon for naturressursar som vert avsett til storsamfunnet, er viktig for dette.

31.08.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Høyringsuttale til NOU 2023:9 Generalistkommunesystemet, sett fram av Knut Harald Frøland (Bygdalista):

Norge er eit langstrakt og mangfaldig land som krev kommunar som er tilpassa landet, og som gjer tenester der folk bur. Det er i kommunane me lever liva våre- kommunane støtter oss frå vogge til grav. Generalistkommuneprinsippet har hatt stor betydning for at innbyggjarane kan ha gode liv, og er ein suksess som bør fortsetje.

Småkommunar har på dei fleste områder like føresetnad som store kommunar til å gje god kvalitet i tenestene. For mykje fokus på kommunesamanslåing som alternativ løysing har me erfart skaper stor uro i ein kommune og er skadelege for god styring av kommunen. Og det tilslører at dei fleste problem i ein kommune kan løysast gjennom god politisk styring, god leiing og god fagkompetanse hos dei tilsette.

Kva treng ein småkommune for å lukkast?

- God politisk styring, god leiing og god fagkompetanse hos dei tilsette.
- Fokus på openheit i politiske og administrative prosessar. Openheit gjer tillit, tillit gjer demokratisk styrke.
- Eit rettferdig inntektssystem, tilpassa kommunestorleiken.
- Kompensasjon for naturressursar som blir avsett til storsamfunnet.
- Lokalaviser som rettar eit kritisk lys mot politisk styre og tenestekvalitet.
- Godt samarbeid med Statsforvaltar, Fylkeskommune, nabokommunar, næringsliv etc.
- Attraktive kommunesenter
- Gode oppvekstvilkår
- Bustader og arbeidsplassar
- Ekstra støtte frå sentrale myndigheiter i spesielt krevjande situasjonar.

Kva styrkar har ein småkommune?

- Kan gjennom tverrfagleg samarbeid kompensere for små fagmiljø.
- Koronakrisa har vist at ein liten kommune raskt får oversikt og raskt kan ta riktige grep.
- Kan arbeide målretta med å utlikne sosiale forskjellar, td. nedkjemping av relativ fattigdom, einsomhet.
- Kan ha interkommunale samarbeid som styrkar kommunen, til dømes innafor renovasjon, landbruk, brannvesen, IKT etc

Framlegg til høyringssvar, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Samnanger kommune sluttar seg til utvalet sine vurderingar av generalistkommunesystemer er under aukande press, stør utvalet si tilråding om å halda på generalistkommunesystemet og deler utvalet si vurdering av at oppgåvedifferensiering mellom kommunane ikkje er tilrådeleg.

I samband med kommunereformen for nokre år sidan vart det gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i Samnanger kommune, der eit klårt fleirtal ynskje at Samnanger framleis skal stå som eigen kommune. Samnanger kommune vil difor uttrykka ei uro over at utvalets fleirtal peiker på større kommunar som det tiltaket som best opprettheld generalistkommunesystemet, og vil peika på at små kommunar på dei fleste område har dei same føresetnadene for å lukkast med å gje god kvalitet i tenestene.

Samnanger kommune sluttar seg derimot til utvalet sine tilrådingar når det gjeld endra statleg styring, med redusert detaljstyring og ei meir aktiv tilretteleggjarrolle for at alle kommunar skal kunna vareta lovpålagte oppgåver.

Som utvalet peiker på kan små og spesialiserte tenester som krever eit visst fagmiljø vera utfordrande i mange kommunar. Samnanger kommune deler samstundes utvalet si vurdering av at det ville vera lite treffsikkert å flytta slike oppgåver vekk frå kommunane, då det vil påverka både kommunane sitt breie oppgåveansvar og den folkevalde styringa.

I møte med denne utfordringa vil interkommunale samarbeid ofte vera ei god løysing. Gode samarbeid på tvers av kommunegrenser vil vera naudsynte også frametter, og kan bidra til å løysa mindre kommunar sine utfordringar knytt til kapasitet og rekruttering av rett kompetanse.

Det kan samstundes vera fleire utfordringar knytt til slik samarbeid, blant anna kan dei gjera det vanskelegare å gjera politiske prioriteringar på tvers av oppgåver og tenester, og det kan gje mindre gjennomslagskraft og sveikka demokratisk styring og kontroll. Samnanger kommune sluttar seg utvalet si vurdering av at faste, langsiktige samarbeid med faste partnerar kan gjera det enklare og betre å samarbeida, og sluttar seg til utvalet si vurdering av at ein samarbeidsmodell særleg tilpassa slike samarbeid også bør vera lovheimla.

Samnanger kommune vil også understreka viktigheita av tilstrekkelege og føreseielege økonomiske rammer, i form av frie inntekter, for ivaretaking av generalistkommunesystemet. Både eit rettvisst inntektssystem tilpassa kommunestorleiken og kompensasjon for naturressursar som vert avsett til storsamfunnet er viktig for dette.

Sak 052/2023: Høyringsuttale til NOU 2023:9 Generalistkommunesystemet, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Noreg er eit langstrakt og mangfaldig land som krev kommunar som er tilpassa landet, og som gjev tenester der folk bur. Det er i kommunane me lever liva våre – kommunane støttar oss frå vogge til grav. Generalistkommunesystemet har hatt vore svært viktig for at innbyggjarane kan ha gode liv, og er ein suksess som bør halda fram.

Småkommunar har på dei fleste område like gode føresetnader som store kommunar til å gje god kvalitet i tenestene, og generelt er innbyggjarane minst like nøgde med tenestene i mindre kommunar. For mykje fokus på kommunesamanslåing som alternativ løysing har me erfart skaper stor uro i ein kommune og er skadelege for god styring av kommunen. Og det tilsloerer at dei fleste problem i ein kommune kan løysast gjennom god politisk styring, god administrativ leiing og god fagkompetanse hos dei tilsette.

Det er eit viktig demokratisk prinsipp at nye kommunesamanslåingar kjem frå folkedjupet, og det er ei overkøyring av lokaldemokratiet om staten også i framtida legg opp til eit straff- og belønningssystem for å tvinga fram større kommunar.

Kva treng ein småkommune for å lukkast?

- God politisk styring, god leiing og god fagkompetanse hos dei tilsette.
- Openheit i politiske og administrative prosessar. Openheit gjev tillit; tillit styrkjer demokratiet.
- Eit rettferdig inntektssystem, tilpassa kommunestorleiken.

- Kompensasjon for naturressursar som vert nytta av storsamfunnet.
- Lokalaviser som rettar eit kritisk lys mot politisk styre og tenestekvalitet.
- Godt samarbeid med Statsforvaltar, fylkeskommune, nabokommunar, næringsliv etc.
- Attraktive kommunesenter.
- Gode oppvekstvilkår.
- Bustader og arbeidsplassar.
- Ekstra støtte frå sentrale styresmakter i spesielt krevjande situasjonar.

Kva styrkar og mogelegheiter har ein småkommune?

- Liten avstand mellom innbyggjarane og dei folkevalde; dette styrkjer demokratiet.
- Tenester nær folk. T.d. vil pasientar få plass på den lokale sjukeheimen, i staden for å risikera å verta plasserte i ein annan del av ein storkommune.
- Kan gjennom tverrfagleg samarbeid kompensera for små fagmiljø.
- Koronakrisa har vist at ein liten kommune raskt får oversikt og raskt kan ta riktige grep.
- Kan arbeida målretta med å utlikna sosiale skilnader, t.d. ved å setja i gang tiltak mot relativ fattigdom og motverka einsemd.
- Kan ha interkommunale samarbeid som styrkjer det kommunale tenestetilbodet, til dømes innanfor renovasjon, landbruk, brannvesen og IKT.

Fellesframlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Samnanger kommune sluttar seg til utvalet sine vurderingar om at generalistkommunesystemer er under aukande press, stør utvalet si tilråding om å halda på generalistkommunesystemet og deler utvalet si vurdering av at oppgåvedifferensiering mellom kommunane ikkje er tilrådeleg.

I samband med kommunereforma for nokre år sidan vart det gjennomført ei rådgevande folkerøysting i Samnanger kommune, der eit klårt fleirtal ynskde at Samnanger framleis skal stå som eigen kommune. Samnanger kommune vil difor uttrykkja ei uro over at utvalets fleirtal peiker på større kommunar som det tiltaket som best opprettheld generalistkommunesystemet, og vil peika på at små kommunar på dei fleste område har dei same føresetnadene for å lukkast med å gje god kvalitet i tenestene. Det er eit viktig demokratisk prinsipp at nye kommunesamanslåingar kjem frå folkedjupet, og det er ei overkøyring av lokaldemokratiet om staten også i framtida legg opp til eit straff- og belønningssystem for å tvinga fram større kommunar. Små kommunar har også føremoner i form av liten avstand mellom innbyggjarane og dei folkevalde og tenester nær folk.

Samnanger kommune sluttar seg derimot til utvalet sine tilrådingar når det gjeld endra statleg styring, med redusert detaljstyring og ei meir aktiv tilretteleggjarrolle for at alle kommunar skal kunna vareta lovpålagte oppgåver. Det må blant anna innebera å leggja til rette for gode samarbeid mellom kommunane, statsforvaltar og fylkeskommunar.

Som utvalet peiker på, kan små og spesialiserte tenester — t.d. renovasjon, brannvesen og IKT — som krev eit visst fagmiljø vera utfordrande i mange kommunar. Samnanger kommune deler samstundes utvalet si vurdering av at det ville vera lite treffsikkert å flytta slike oppgåver vekk frå kommunane, då det vil påverka både kommunane sitt breie oppgåveansvar og den folkevalde styringa.

I møte med denne utfordringa vil interkommunale samarbeid ofte vera ei god løysing. Gode samarbeid på tvers av kommunegrensar vil vera naudsynte også frametter, og kan bidra til å løysa mindre kommunar sine utfordringar knytt til kapasitet og rekruttering av rett kompetanse.

Det kan samstundes vera fleire utfordringar knytt til slikt samarbeid, blant anna kan dei gjera det vanskelegare å gjera politiske prioriteringar på tvers av oppgåver og tenester, og det kan gje mindre gjennomslagskraft og svekkja demokratisk styring og kontroll. Samnanger kommune sluttar seg utvalet si vurdering av at faste, langsiktige samarbeid med faste partnarar kan gjera det enklare og

betre å samarbeida, og sluttar seg til utvalet si vurdering av at ein samarbeidsmodell særleg tilpassa slike samarbeid også bør vera lovheimla.

Samnanger kommune vil også understreka viktigheita av tilstrekkelege og føreseielege økonomiske rammer, i form av frie inntekter, for ivaretaking av generalistkommunesystemet. Både eit rettvist inntektssystem tilpassa kommunestorleiken og kompensasjon for naturressursar som vert avsett til storsamfunnet, er viktig for dette.

Handsaming:

Knut Harald Frøland (Bl) orienterte innleiingsvis om at han trekte framlegget han hadde lagt inn i Møteportalen før møtet.

Etter innleiande diskusjon i formannskapet, foreslo Knut Harald Frøland eit gruppemøte der Øyvind Strømmen og Øyvind Røen utarbeidde eit felles framlegg til vedtak.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Strømmen og Øyvind Røen fram eit felles framlegg til vedtak. Dette innebar at framlegga dei hadde lagt inn i Møteportalen før møtet, vart trekte.

Fellesframlegget til Øyvind Strømmen og Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

FORM- 052/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til utvalet sine vurderingar om at generalistkommunesystemer er under aukande press, stør utvalet si tilråding om å halda på generalistkommunesystemet og deler utvalet si vurdering av at oppgåvedifferensiering mellom kommunane ikkje er tilrådeleg.

I samband med kommunereforma for nokre år sidan vart det gjennomført ei rådgevande folkerøysting i Samnanger kommune, der eit klårt fleirtal ynskte at Samnanger framleis skal stå som eigen kommune. Samnanger kommune vil difor uttrykkja ei uro over at utvalets fleirtal peiker på større kommunar som det tiltaket som best opprettheld generalistkommunesystemet, og vil peika på at små kommunar på dei fleste område har dei same føresetnadene for å lukkast med å gje god kvalitet i tenestene. Det er eit viktig demokratisk prinsipp at nye kommunesamanslåingar kjem frå folkedjupet, og det er ei overkøyring av lokaldemokratiet om staten også i framtida legg opp til eit straff- og belønningssystem for å tvinga fram større kommunar. Små kommunar har også føremøner i form av liten avstand mellom innbyggjarane og dei folkevalde og tenester nær folk.

Samnanger kommune sluttar seg derimot til utvalet sine tilrådingar når det gjeld endra statleg styring, med redusert detaljstyring og ei meir aktiv tilretteleggjarrolle for at alle kommunar skal kunna vareta lovpålagte oppgåver. Det må blant anna innebera å leggja til rette for gode samarbeid mellom kommunane, statsforvaltar og fylkeskommunar.

Som utvalet peiker på, kan små og spesialiserte tenester — t.d. renovasjon, brannvesen og IKT — som krev eit visst fagmiljø vera utfordrande i mange kommunar. Samnanger kommune deler samstundes utvalet si vurdering av at det ville vera lite treffsikkert å flytta slike oppgåver vekk frå kommunane, då det vil påverka både kommunane sitt breie oppgåveansvar og den folkevalde styringa.

I møte med denne utfordringa vil interkommunale samarbeid ofte vera ei god løysing. Gode samarbeid på tvers av kommunegrensar vil vera naudsynte også frametter, og kan bidra til å løysa mindre kommunar sine utfordringar knytt til kapasitet og rekruttering av rett kompetanse.

Det kan samstundes vera fleire utfordringar knytt til slikt samarbeid, blant anna kan dei gjera det vanskelegare å gjera politiske prioriteringar på tvers av oppgåver og tenester, og det kan gje mindre gjennomslagskraft og svekkja demokratisk styring og kontroll. Samnanger kommune sluttar seg utvalet si vurdering av at faste, langsiktige samarbeid med faste partnerar kan gjera det enklare og

betre å samarbeida, og sluttar seg til utvalet si vurdering av at ein samarbeidsmodell særleg tilpassa slike samarbeid også bør vera lovheimla.

Samnanger kommune vil også understreka viktigheita av tilstrekkelege og føreseielege økonomiske rammer, i form av frie inntekter, for ivaretaking av generalistkommunesystemet. Både eit rettvist inntektssystem tilpassa kommunestorleiken og kompensasjon for naturressursar som vert avsett til storsamfunnet, er viktig for dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 074/2023: Søknad frå Lønnebakken Grendelag om ekstra midlar til asfaltering av multibane

Ugild:	I staden møte:	Merknad:
Knut Harald Frøland, BI	,	

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) bad om å få vera ugild i saka. Årsaka til dette var at det er søstera hans som har sendt søknaden frå Lønnebakken Grendelag om midlar. Han gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hans, og Karl Bård Kollbotn gjekk inn som ordførar. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild og deltok ikkje i handsaminga av saka.

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 074/2023 Vedtak:

Søknaden frå Lønnebakken Grendelag om tilskot på 15 000 kroner til å dekkja uføresette utgifter til asfaltering av multibane ved Lønnebakken aktivitetsplass, blir innvilga.

Tilskotet blir finansiert med midlar frå fondet «Lavterskel aktivitet for born og unge».

31.08.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (BI) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han er bror til leiaren i Lønnebakken Grendelag, som har søkt kommunen om midlar til asfaltering av multibane. Knut Harald Frøland gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hans. Øyvind Røen gjekk inn som ordførar (møteleiar). Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild og deltok ikkje i den vidare handsaminga av saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 056/2023 Vedtak:

Søknaden frå Lønnebakken Grendelag om tilskot på 15 000 kroner til å dekkja uføresette utgifter til asfaltering av multibane ved Lønnebakken aktivitetsplass, blir innvilga.

Tilskotet blir finansiert med midlar frå fondet «Lavterskel aktivitet for born og unge».

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Lønnebakken Grendelag om tilskot på 15 000 kroner til å dekkja uføresette utgifter til asfaltering av multibane ved Lønnebakken aktivitetsplass, blir innvilga.

Tilskotet blir finansiert med midlar frå fondet «Lavterskel aktivitet for born og unge».

SAKNR. 075/2023: Ungdomsklubb**14.09.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS- 075/2023 Vedtak:

Kommunestyret viser til at styret for ungdomsklubben i Samnanger per i dag ønskjer å halde fram med å arrangera ungdomsklubb på biblioteket på Bjørkheim. Kommunestyret vil difor ikkje ta initiativ til å etablera ungdomsklubb i andre lokale i kommunen. Kommunestyret ber likevel rådmannen om å ha dialog med styret i høve til om andre lokalitetar for ungdomsklubb kan verte aktuelt på eit seinare tidspunkt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret viser til at styret for ungdomsklubben i Samnanger per i dag ønskjer å halde fram med å arrangera ungdomsklubb på biblioteket på Bjørkheim. Kommunestyret vil difor ikkje ta initiativ til å etablera ungdomsklubb i andre lokale i kommunen. Kommunestyret ber likevel rådmannen om å ha dialog med styret i høve til om andre lokalitetar for ungdomsklubb kan verte aktuelt på eit seinare tidspunkt.

SAKNR. 076/2023: Tilrettelegging for gaming- og e-sport i Samnanger - spørjeundersøking**14.09.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS- 076/2023 Vedtak:

Kommunestyret ønskjer at det skal arbeidast vidare med sikte på å få etablert eit gamingsenter og senter for e-sport for ungdom i kommunen.

Kommunestyret ber rådmannen om å gjera ei vurdering av framtidig bruk av dei tidlegare biblioteklokala i kommunehuset på Tysse, og leggja fram tilråding om dette i framlegget sitt til budsjett og økonomiplan 2024–2027. Eit av alternativa som skal vurderast, er gamingsenter og senter for e-sport.

Dersom rådmannen si vurdering er at dei tidlegare biblioteklokala ikkje skal brukast til gamingsenter, ber kommunestyret om at rådmannen i budsjett- og økonomiplansaka også vurderer andre alternativ for lokalisering av eit slikt senter.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ønskjer at det skal arbeidast vidare med sikte på å få etablert eit gamingsenter og senter for e-sport for ungdom i kommunen.

Kommunestyret ber rådmannen om å gjera ei vurdering av framtidig bruk av dei tidlegare biblioteklokala i kommunehuset på Tysse, og leggja fram tilråding om dette i framlegget sitt til budsjett og økonomiplan 2024–2027. Eit av alternativa som skal vurderast, er gamingsenter og senter for e-sport.

Dersom rådmannen si vurdering er at dei tidlegare biblioteklokala ikkje skal brukast til gamingsenter, ber kommunestyret om at rådmannen i budsjett- og økonomiplansaka også vurderer andre alternativ for lokalisering av eit slikt senter.

SAKNR. 077/2023: Val av medlemmer i ungdomsrådet 2023-2025**14.09.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Oskar Røen (MDG) spurde om det er moglegheit for at ungdomsrådet kan få presentera seg sjølv i samband med eit kommunestyremøte. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han vil ordna med slik invitasjon til ungdomsrådet til neste kommunestyremøte.

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS- 077/2023 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet slik det er sett opp i saksutgreiinga. Rådet konstituerer seg og vel sjølv leiar og nestleiar i det første møtet hausten 2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet slik det er sett opp i saksutgreiinga. Rådet konstituerer seg og vel sjølv leiar og nestleiar i det første møtet hausten 2023.

SAKNR. 078/2023: Ny anmodning frå IMDi om busetjing av flyktingar i 2023**14.09.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Gunn Totland Moss (KrF) sette fram framlegg om følgjande tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

"Målet er blant anna at alle flyktingane skal få ei helsekartlegging tidleg, slik at me kan leggja til rette for best mogleg oppfølging både fysisk og psykisk på eit tidleg tidspunkt. Det ligg òg i tilrådingane at dette skal skje innan tre månader."

Det vart røysta over framlegget til rådmannen, inkludert tilleggsframlegget til Gunn Totland Moss. Samrøystes vedteke.

KS- 078/2023 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek å ta imot og busetje totalt 30 flyktningar i 2023. Talet inkluderer ikkje familiegjenforeiningar.
2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta kan disponere.
3. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.
4. Rådmannen skal jamnleg rapportere status for busetjinga, inkludert økonomi, til kommunestyret.
5. Målet er blant anna at alle flyktningane skal få ei helsekartlegging tidleg, slik at me kan leggja til rette for best mogleg oppfølging både fysisk og psykisk på eit tidleg tidspunkt. Det ligg òg i tilrådingane at dette skal skje innan tre månader.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek å ta imot og busetje totalt 30 flyktningar i 2023. Talet inkluderer ikkje familiegjenforeiningar.
2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta kan disponere.
3. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.
4. Rådmannen skal jamnleg rapportere status for busetjinga, inkludert økonomi, til kommunestyret.

SAKNR. 079/2023: Forvaltningsrevisjon - Personalforvaltning - revisjonsrapport

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

KS- 079/2023 Vedtak:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om å:

1. Sørge for at kommunen gjennomføre risikovurderingar av sjukefråvær i særleg utsette einingar i kommunen.
2. Sørge for at kommunen utarbeider eit system for evaluering av oppfølging og førebygging av sjukefråvær.
3. Sørge for at kommunen utarbeider ei handbok i leiing om kva ansvar og oppgåver som inngår i det å vere personalansvarleg og kva forventningar som blir stilte til personalansvarlege leiarar.
4. Kommunestyret ber om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2023 , som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmann om å:

1. Sørge for at kommunen gjennomføre risikovurderingar av sjukefråvær i særleg utsette einingar i kommunen.
2. Sørge for at kommunen utarbeider eit system for evaluering av oppfølging og førebygging av sjukefråvær.
3. Sørge for at kommunen utarbeider ei handbok i leiing om kva ansvar og oppgåver som inngår i det å vere personalansvarleg og kva forventningar som blir stilte til personalansvarlege leiarar.
4. Kommunestyret ber om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2023 , som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

SAKNR. 080/2023: Budsjett 2024 for kontrollarbeidet i Samnanger kommune

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

KS- 080/2023 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Samnanger slik det er framlagt.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Samnanger slik det er framlagt.

SAKNR. 1: Interpellasjon**14.09.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) orienterte om innhaldet i interpellasjonen. Rådmann Ove Sæbø svara. Han orienterte om at administrasjonen vil gjera ei utgreiing av saka, med målsetting om å ha utgreiinga klar til kommunestyremøtet 19.10.2023.

Framlegget til vedtak i interpellasjonen vart samrøystes vedteke.

KS- 1 Vedtak:

Kommunestyret ber om at kommunen snarast går i dialog med utbyggjar av Sandelva kraftverk slik at dette tiltaket vert kostnadsrekna. Deretter må saka tilbake til kommunestyret for bevilging av pengar.

SAKNR. 2: Interpellasjon til kommunestyret 14/9**14.09.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) las opp interpellasjonen. Rådmann Ove Sæbø svara.

Etter framlegg frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl) og Øyvind Strømme (MDG) vedtok kommunestyret samrøystes å ta interpellasjonen inn som ordinær sak på saklista, som siste sak i møtet.

KS- 2 Vedtak:

Interpellasjonen blir teken inn som ordinær sak på saklista for kommunestyremøtet 14.09.2023, som siste sak i møtet.

SAKNR. 081/2023: Uteområda på ungdomsskulen og barneskulen**14.09.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Framlegg, sett fram av Øyvind Strømme (Miljøpartiet Dei Grøne):

Kommunestyret aukar løyvinga til utplassering av leikeapparat ved barneskulen til inntil 500.000 kroner (+300.000). Tillegsløyvinga vert finansiert frå kommunestyret sin rådveldekonto.

Kommunestyret ber rådmannen koma attende med ei sak til kommunestyret om oppgradering av skuleområdet på ungdomsskulen, og kostnader ved dette. Elevane vert gjeve moglegheit til å gje innspel om sine ynskjer.

Justert framlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Kommunestyret aukar løyvinga til utplassering av leikeapparat ved barneskulen til inntil 500.000 kroner (+300.000). Tilleggsøyvinga vert finansiert frå kommunestyret sin rådveldekonto.

Kommunestyret ber rådmannen koma attende med ei sak til kommunestyret 19. oktober om oppgradering av skuleområdet på ungdomsskulen, og kostnader ved dette. Elevane vert gjeve moglegheit til å gje innspel om sine ynskjer.

Denne saka kom opp som tilleggssak i møtet, som følgje av at kommunestyret under handsaminga av interpellasjon frå Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) vedtok å setja interpellasjonen inn som sak på saklista.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Anja Elisabeth Gjerde Markhus trekte framlegget sitt til vedtak i interpellasjonen ho hadde meldt inn til møtet.

Øyvind Strømmen sette fram eit justert framlegg til vedtak. Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 081/2023 Vedtak:

Kommunestyret aukar løyvinga til utplassering av leikeapparat ved barneskulen til inntil 500.000 kroner (+300.000). Tilleggsøyvinga vert finansiert frå kommunestyret sin rådveldekonto.

Kommunestyret ber rådmannen koma attende med ei sak til kommunestyret 19. oktober om oppgradering av skuleområdet på ungdomsskulen, og kostnader ved dette. Elevane vert gjeve moglegheit til å gje innspel om sine ynskjer.

SAKNR. 2023D04: Presentasjonar og dokument utlevert i møtet

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Oversikt over presentasjonar som vart vist i møtet og dokument som vart utleverte i møtet:

- Presentasjon av resultat av bustadundersøking i Samnanger
- Presentasjon av oppvekstreforma
- Svar på spørsmål stilt til rådmannen i naturutvalet 29.08.2023

KS- 2023D04 Vedtak:

Dette er ei informasjonssak utan vedtak.

